

Trafikksikringsplan

Meling skule



2026 - 2029

Innholdsliste:

1. Kort om skulen:	3
2. Målsetting:	3
3. Tiltak:	4
4. Kompetansemål frå læreplanen Kunnskapsløftet:	5
4.1. Kompetansemål etter 2. trinn:	5
4.2. Trygg Trafikk anbefaler følgjande progresjon i trafikkopplæringa på trinn 1-3:	5
4.3. Kompetansemål etter 4. trinn:	6
4.4. Kompetansemål etter 7. trinn:	6
4.5. Trygg Trafikk anbefaler følgjande progresjon i trafikkopplæringa på trinn 4-7:	7
5. Opplegg for kvart trinn:	8
5.1. 1. trinn:	8
5.2. 2. trinn:	8
5.3. 3. trinn:	8
5.4. 4. trinn:	9
5.5. 5. trinn:	9
5.6. 6. trinn:	9
5.7. 7. trinn:	10
6. Rutinar for transport og turar i regi av skulen	11
6.1. Buss	11
6.2. Bil	12
6.3. På sykkel tur eller fottur:	13

1. Kort om skulen:

Meling skule er ein fulldelt barneskule med rundt 190 elevar og 34 tilsette. Det er ein del elevar som har rett til skuleskyss. Nokon få har skuleveg i fareklasse 1 og ein liten del har skuleveg i fareklasse 2. Mange kan gå eller sykle til skulen.

2. Målsetting:

Vårt mål er at ingen elevar eller vaksne tilknytt skulen skal bli skada eller drepn i trafikken.

For å nå dette målet må:

- Elevane ha kunnskap, dugleik og positive haldningar til ei ansvarleg åtferd i trafikken.
- Tilsette arbeide etter trafikksikringsplan og bidra til gode trafikksikre haldningar.
- Foreldra støtte skulen sitt arbeid med gode haldningar og trafikksikker utrusting av elevane. Støtte elevane si opplæring, vere aktsame i trafikken og hindre at trafikkfarlege situasjonar oppstår i hente- og bringesituasjonar ved skulen.

3. Tiltak:

- Meling skule har trafikkopplæring som del av trinna sine årsplanar jf. kompetansemåla i Kunnskapsløftet.
- Skulen har årleg trafikktryggleik som tema på foreldremøta.
- Skulen og FAU samarbeider om haldningsskapande tiltak og førebyggjande trafikkopplæring.
- Skulen har i samråd med FAU blitt samde om å følgje Trygg Trafikk sine tilrådingar om bruk av sykkel, der blir det presisert at du som føresett må vurdere ditt barns modning, trafikkforståing og korleis han eller ho meistarar syklinga.
- Elevrådet har trygg skuleveg som tema ved skulestart.
- Skulemiljøutvalet har jamleg Trafikksikringsplan for Meling skule oppe til gjennomgang og drøftar eventuelle endringar og utfordringar.
- Foreldra bidreg ved å oppmode barna til å gå til og frå skolen, vise aktsemd i hente- og bringesituasjonar og ved å sjå til at eige barn brukar refleks, hjelm og godkjent sykkel. Foreldra vert oppmoda om å følgje Trygg Trafikk og skulen sine tilrådingar om bruk av sykkel.
- Skulen markerer nasjonal refleksdag kvar haust.
- Trafikkopplæringa vert styrka ved at det vert oppretta ein funksjon for ein trafikkansvarleg på skulen. Dette er avdelingsleiar.
- Skulen har retningslinjer for turar til fots, på sykkel, med bil og buss og desse retningslinjene er med i skulen sin internkontroll.
- Skule arrangerer årleg gå-til-skulen kampanje.
- Bruk av «hjartesoner» bør brukast oftare også utanom kampanjeperioden. «Hjartesoner» er stader i nærmiljøet der elevar kan droppast av med bil på veg heimefrå, for å gå eit stykke til skulen.

4. Kompetansemål frå læreplanen

Kunnskapsløftet:

4.1. *Kompetansemål etter 2. trinn:*

- Frå læreplan i kroppsøving:
 - Elevane skal kunne øve på trygg ferdsel i trafikken.
- Frå læreplan i norsk:
 - Elevane skal kunne lytte, ta ordet etter tur og grunngje egne meiningar i samtalar.
 - Elevane skal kunne beskrive og fortelje munnleg og skriftleg.
- Frå læreplan i matematikk:
 - Elevane skal kunne utforske, teikne og beskrive geometriske figurar frå sitt eige nærmiljø og argumentere for måtar å sortere dei på etter eigenskapar.
- Frå Læreplan i samfunnsfag:
 - Elevane skal kunne utvikla og presentera samfunnsfaglege spørsmål.
 - Elevane skal kunne samtala om korleis ulike kjelder, inkludert kart, kan gi informasjon om samfunnsfaglege spørsmål.
 - Elevane skal kunne utforske og gi døme på korleis menneska påverkar klimaet og miljøet, og dokumentere korleis påverknadane kjem til syne i nærmiljøet.
 - Elevane skal kunne presentere og gi døme på rettar barn har i Norge og verda, og kva barn kan gjere ved brot på desse rettane.
 - Elevane skal kunne utforske og gi døme på korleis barn kan påverke avgjerder og samarbeide om demokratiske prosessar.
- Frå læreplan i naturfag:
 - Elevane skal kunne samtale om korleis me kan ta miljømedvitne val og gjennomføra lokale miljøtiltak.

4.2. *Trygg Trafikk anbefaler følgjande progresjon i trafikkopplæringa på trinn 1-3:*

1.-3. trinn: Øve på trafikkreglane for fotgjengarar.

4.3. Kompetansemål etter 4. trinn:

- Frå læreplan i kroppsøving:
 - Elevane skal kunne forstå og følgje reglar i trafikken.
- Frå Læreplan i norsk:
 - Elevane skal kunna følgja opp innspel frå andre i faglege samtalar og stilla oppklarande og utdjupande spørsmål.
- Frå Læreplan i samfunnsfag:
 - Elevane skal kunne utforske og presentere samfunnsfaglege spørsmål, søkje etter informasjon i ulike kjelder og vurdere kor nyttig informasjonen er til å belysa spørsmåla.
 - Elevane skal kunne beskrive kultur- og naturlandskap i Norge og samtala om korleis historiske og geografiske kjelder, inkludert kart, kan gje informasjon om landskap.
 - Elevane skal kunne samtale om kvifor det oppstår konflikhtar i skule- og nærmiljø, lytta til andre si meining og samarbeide med andre om å finna konstruktive løysningar.
 - Elevane skal kunne presentere menneskerettar og rettar barn har, og reflektere over kvifor desse rettane finst.
 - Elevane skal kunne utforske og gje døme på nokre sider ved berekraftig utvikling.
 - Elevane skal kunne reflektere over kven som har makt, og kva eit demokrati er, og utvikle forslag til korleis ein kan verre med på å påverke avgjerder.
- Frå Læreplan i naturfag:
 - Elevane skal kunna undre seg og stille spørsmål og lage hypotesar og utforske desse for å finne svar.
 - Elevane skal kunna bruka tabellar og figurar til å organisere data, lage forklaringar basert på data og presentere funn.
- Frå Læreplan i KRLE:
 - Elevane skal kunna utforska og samtala om etiske sider ved menneske sine levesett og ressursbruk.

4.4. Kompetansemål etter 7. trinn:

- Frå læreplan i matematikk:
 - Elevane skal kunne utforske og bruke formålstenlege sentralmål i sine egne og andre sine statistiske undersøkingar.
 - Elevane skal kunne logge, sortere, presentere og lese data i tabellar og diagram og grunngje valet av framstillinga.

- Frå læreplan i norsk:
 - Elevane skal kunne presentere faglege emne munnleg med og utan digitale ressursar.
- Frå læreplan i kroppsøving:
 - Elevane skal kunne bruke kart, digitale verktøy og teikn i naturen til å orientere seg i natur og nærmiljø.
 - Elevane skal kunne vurdere sikkerheit i uteaktivitet og naturferdsel og gjennom sjølvberging i vatn.
- Frå Læreplan i samfunnsfag:
 - Elevane skal kunna gjennomføra ei samfunnsfagleg undersøking og presentere resultata ved hjelp av eigna digitale verktøy.
 - Elevane skal kunna utforske og presentere ei global utfordring ved berekraftig utvikling og kva konsekvensar ho kan ha, og utvikle forslag til korleis ein kan vera med på å motverka utfordringa og korleis samarbeid mellom land kan bidra.
 - Elevane skal kunna gje døme på kva lover, reglar og normer er og kva slags funksjon dei har i samfunnet, og reflektere over konsekvensane av å bryte dei.
- Frå Læreplan i naturfag:
 - Elevane skal kunna skilje mellom observasjon og slutninga, organisere data, bruke årsak-verknad-argument, trekke slutningar, vurdere feilkjelder og presentera funn.
 - Elevane skal kunna lesa og forstå faremerking og reflektera over hensikta med desse.
 - Elevane skal kunna reflektera over korleis teknologi kan løysa utfordringar, skapa moglegheiter og føra til nye dilemma.
- Frå Læreplan i KRLE:
 - Elevane skal kunna følgja utforska og beskrive eigne og andre sine perspektiv i etiske dilemma knytt til kvardags- og samfunnsutfordringar.

4.5. Trygg Trafikk anbefaler følgjande progresjon i trafikkopplæringa på trinn 4-7:

4. -7. trinn: Sykkelopplæring

5. Opplegg for kvart trinn

Alle trinna deltar på skulens årlege gå-til-skulen kampanje

5.1. 1. trinn:

- På foreldremøtet for nye førsteklassingar om våren bli foreldra informert om farane som oppstår når elevane blir køyrd til og frå skulen. Skulen sine rutinar for trygge hente –og bringesituasjonar vert gått igjennom.
- Skulen sin lokale plan for trafikkopplæring blir presentert på foreldremøte om hausten.
- Førsteklassingane får utdelt refleksvestar om hausten. Desse skal brukast frå skulestart på skulevegen og på turar i skuletida.
- Markering av refleksdagen.
- På turar får elevane gå-trening i skulen sine nærområde. Når fadrane er med, er dei gode rolle-modellar.
- Gjennom heilskapleg arbeid i undervisninga jf. kunnskapsmåla som er presentert i denne planen og ved å nytta undervisningsopplegg frå m.a. Trygg Trafikk får elevane også teoretisk opplæring.

5.2. 2. trinn:

- Skulen sin lokale plan for trafikkopplæring blir presentert på foreldremøtet om hausten.
- Markering av refleksdagen.
- På uteskule får elevane gå-trening i skulen sine nærområde.
- Gjennom heilskapleg arbeid i undervisninga jf. kunnskapsmåla som er presentert i denne planen og ved å nytta undervisningsopplegg frå m.a. Trygg Trafikk får elevane også teoretisk opplæring.
- Dekke kompetansemåla som er nemnt under kompetansemåla etter 2. trinn.

5.3. 3. trinn:

- Skulen sin lokale plan for trafikkopplæring blir presentert på foreldremøtet om hausten.
- Markering av refleksdagen.
- På turar får elevane gå-trening i skulen sine nærområde.

- Gjennom heilskapleg arbeid i undervisninga jf. kunnskapsmåla som er presentert i denne planen og ved å nytta undervisningsopplegg frå m.a. Trygg Trafikk får elevane også teoretisk opplæring.
- Dekke kompetansemåla som er nemnt under kompetansemåla etter 4. trinn.

5.4. 4. trinn:

- Skulen sin lokale plan for trafikkopplæring blir presentert på foreldremøtet om hausten.
- Markering av refleksdagen.
- På uteskule får elevane gå-trening i skulen sine nærområde.
- Gjennomføre sykkeldagen om våren og elevane tek sykkelsertifikat. Det blir sjekka at alle har hjelm og sykkel i forskriftsmessig stand.
- Gjennom heilskapleg arbeid i undervisninga jf. kunnskapsmåla som er presentert i denne planen og ved å nytta undervisningsopplegg frå m.a. Trygg Trafikk får elevane teoretisk opplæring.
- Dekke kompetansemåla som er nemnt under kompetansemåla etter 4. trinn.

5.5. 5. trinn:

- Skulen sin lokale plan for trafikkopplæring blir presentert på foreldremøtet om hausten.
- Markering av refleksdagen.
- På uteskule får elevane gå- og sykkeltraining i skulen sine nærområde.
- Elevane skal kunne praktisere trygg bruk av sykkel som framkomstmiddel, med hjelm og sykkel i forskriftsmessig stand.
- Gjennom heilskapleg arbeid i undervisninga jf. kunnskapsmåla som er presentert i denne planen og ved å nytta undervisningsopplegg frå m.a. Trygg Trafikk får elevane også teoretisk opplæring.
- Jobbe med kompetansemåla som er nemnt under kompetansemåla etter 7. trinn.

5.6. 6. trinn:

- Skulen sin lokale plan for trafikkopplæring blir presentert på foreldremøtet om hausten.
- Markering av refleksdagen.

- På uteskule får elevane gå- og sykkeltraining i skulen sine nærområde.
- Elevane skal kunne praktisere trygg bruk av sykkel som framkomstmiddel, med hjelm og sykkel i forskriftsmessig stand.
- Gjennom heilskapleg arbeid i undervisninga jf. kunnskapsmåla som er presentert i denne planen og ved å nytta undervisningsopplegg frå m.a. Trygg Trafikk får elevane også teoretisk opplæring.
- Jobbe med kompetansemåla som er nemnt under kompetansemåla etter 7. trinn.

5.7. 7. trinn:

- Skulen sin lokale plan for trafikkopplæring blir presentert på foreldremøtet om hausten.
- Markering av refleksdagen.
- På uteskule får elevane gå- og sykkeltraining i skulen sine nærområde.
- Elevane skal kunne praktisere trygg bruk av sykkel som framkomstmiddel, med hjelm og sykkel i forskriftsmessig stand.
- Elevane planlegg og tek del i undersøkingar av eigen skuleveg, teljingar og registreringar.
- Gjennom heilskapleg arbeid i undervisninga jf. kunnskapsmåla som er presentert i denne planen og ved å nytta undervisningsopplegg frå m.a. Trygg Trafikk får elevane også teoretisk opplæring.
- Dekke kompetansemåla som er nemnt under kompetansemåla etter 7. trinn.

6. Rutinar for transport og turar i regi av skulen

6.1. Buss

Som lærar skal du ha fokus på følgjande punkt:

- Informer elevane om korleis dei skal oppføre seg på stoppestaden og i bussen.
- Ha full oversikt over avreisetidspunkt, reisemål og tidspunkt for retur.
- Hald tidene, og syt for at elevane er samla.
- Pass på at elevane sit roleg, og har sikkerheitsbeltet på.
- Plasser deg i bussen slik at du kan følgje med elevane og gripe inn viss dei er urolege.
- Ta ein runde i bussen etter at elevane har gått av og ta med attgløymde gjenstandar, søppel mm.
- Viss naudsynt; hjelp elevane/sjåføren med lasting/lossing av bagasje.
- Me har bussvakt etter skuletid kl 13.00 og 14.00 nokre dagar.

Ditt ansvar som elev:

- Vær presis, både ved avreise og retur.
- Stå i ro på stoppestaden når bussen kjem.
- Gå roleg inn i bussen, set deg i setet og ta på sikkerheitsbeltet.
- Sitt i ro under hele turen.
- Bruk «innestemme» når du skal kommunisere med andre i bussen.
- Ikkje et eller drikk i bussen.
- Sjekk at du får med deg alle tinga dine (inkludert søppel) når du går av bussen.
- Sjå deg godt for om du skal krysse vegen etter at du har gått av bussen.

6.2. Bil

Det er smal veg opp til skulen frå hovudveg, sjølv om det er oppretta ein passeringslomme + spegel i svingen. Ved skulestart og skuleslutt kan det oppstå farlege situasjonar om denne vegen vert nytta til bringing og henting av elevar. På skuleplassen skal elevane kunne føle seg trygg. Mange kjem gåande, syklande eller springande. Her vil me ha minst mogleg trafikk!

Foreldre:

- Alle elevar som kan, oppmodast til å gå eller sykle!
- Må ein køyre eleven: Me oppmodar til å sette av elevar eit stykke frå skulen, så dei for øvd seg på å gå på skuleveg. Er de ute i siste liten og bere må køyre nærare skulen, skal nedre rundkøyring ved busshaldeplass nyttast. **Ingen skal levere elevar oppe på skuleplassen**, med mindre ein har spesielle avtale med skulen om dette.
- For god flyt og trafikkavvikling ved nedre rundkøyring; Køyr så langt fram ein klarer, altså forbi buss-skuret og slepp ungane ut på høgre sida dersom det lar seg gjere. Unngå rygging!

SFO:

- Før kl. 08:00 og etter skuleslutt kan foreldre som ***følger elevar til SFO***, parkere oppe på parkeringa ved skulen for å levere eller ***gå bort og hente born på SFO***. Me vil presisera at det er parkeringsplass som vert nytta til dette formålet, ikkje rundkøyringa eller skuleplassen. Man rygger inn på parkeringsplassen.
- Ein må ikkje gå frå bilen på tomgang med nøklar i.

Vareleveranse og bosstøpping:

- Ved vareleveranse i friminutt må vakt i storskulen halde tilsyn.
- Containerane er flytta til øvre parkering, men vakta skal likevel halde tilsyn.

Byggje- og/eller anleggsverksemd:

- Dersom det er byggje- og/eller anleggsverksemd i nærleiken av skulen sitt område må skulen, evt. i samarbeid med kommunenivå, gjera ei risikovurdering.
- Informasjon til alle tilsette, elevar og foreldre.
- Rutinane må gjerast kjende for dei tilsette, foreldre og elevane i starten av kvart skuleår, evt. etter behov for nytilsette.

Anna køyring:

Heimane må gje løyve til at det vert nytta privatbilar til turar i skulen sin regi via eige skjema (samtykke på vigilo). Løyvet gjeld så lenge eleven er elev ved Meling skule.

6.3. På sykkel tur eller fottur:

- Når me går på tur skal det alltid vera ein vaksen som går først og ein vaksen som går sist. Viss ein tur går langs trafikkert veg, skal me alltid vurderer om me skal repetere reglane for god ferdsel i trafikken som fotgjengar og korleis me kryssar ein veg på førehand. Repetisjon i personalet ved starten av kvart skuleår. 1. og 2.trinn skal bruka refleksvestar.
- Sykkeltur i regi av skulen berre etter at elevane har gjennomført sykkel dag i slutten av 4.klasse. Ved sykkelturar skal elevane bruka sykkelhjelm og ha ein sykkel som er i forskriftsmessig stand.
- Til alle turar må det gjerast vurdering i førekant av kor mange vaksne det skal vera med for å ivareta tryggleiken til elevane.
- På sykkeltur nyttar vi sykkel, ikkje el-sparkesyklar. Skulen har og ein sykkel til låns.

Forarbeid ved turar:

- Ta med elevliste med telefon nr. til føresette.
- Informasjon til heimen på førehand.
- Ein vaksen må ha med førstehjelpsutstyr og mobiltelefon.
- Skuleleiinga må informerast.

6.4 EL-sparkesykkel

- Grunna våre erfaringar med mange nesten-ulykker og innspel frå føresette, er det no innført totalforbod mot el-sparkesykkel i skuletid/skuleområde. Dette gjelder på heile område til skulen.
- Dersom nokon bryt denne regelen blir eleven vist bort og må køyre el-sparkesykkelen heim igjen.